


Dette er brua vår!

På avstand ser brua vår relativt fin ut...

For få dagar sidan hadde Grenda ein reportasje der eit knippe sjåførar i Tide påpeika kor elendig brukvalitet vi har i Kvinnherad..Konklusjonen var at nesten alle bruer er svært smale og at mange har dårleg og ujamt dekke.Det fører til at det ristar kraftig når ein køyrer over.

Ei av bruane som vart trukke fram i reportasjen var brua vår i Uskedalen og uskedalen.no har sett nærare på ho gjennom kameraet. Korleis står det eigentleg til ?



Tide-sjåførane påpeika at også brua vår både er smal og har dårleg dekke og at dei må over på feil side med bussane når dei køyrer utover.



Når det gjeld dårleg dekke er det mange 'gode' kandidatar, men brua i Uskedalen er blant dei aller verste. Det meinte sjåførane.



Kva går så våre konklusjonar ut på?

Vi kan til fulle bekrefte at det smell godt i bilen når ein køyrer over brua og det som utløyser smella er skader i dekket på 3 stader - i kvar ende og i midten.



Verst er det på 'utoversida' der det er opptil 5 centimeter djupe søkk og det øverste laget av dekket tildels er borte. Heller ikkje midt på brua står det så bra til, medan det ikkje er så heilt ille ved det andre brukaret.

Og apropos smell: Når store og tunge bilar passserar ristar heile brua og ein er av og til redd for at det skal skje noko dramatisk.

Konklusjon?

Det må gå an å reparera ein god del med enkla middel før situasjonen blir enda verre.

Aller helst skulle vi hatt ei breiare og sterkare bru...

Men den ballen tør vel ikkje politikarane våre ta?

.
Bileta let vi stoirt sett tala for seg sjølve.

Tekst og foto;. Ola Matti Mathisen